



Dykkar dato:

Dykkar ref:

Grunneigar
Utvalde område for kartlegging
Rogaland

Einar Heegaard, 51 56 88 72

Orientering om planlagt kartlegging av naturtypar i 2019

Fylkesmannen i Rogaland orienterer med dette om at det vil bli gjennomført ei kartlegg av naturtypar¹ på din eigedom i perioden juni til oktober 2019.

Kartlegginga er ei langsiktig, nasjonal satsing for å betre kunnskapsgrunnlaget om norsk natur, vedteken av Stortinget i 2015. Kartlegginga på din eigedom vil bli utført av firmaet Ecofact Sør på oppdrag frå Miljødirektoratet.

Kvifor kartlegg vi naturtypar?

Målet med kartlegginga er å få på plass god, stadfesta informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltning. Ved at stadfesta informasjon om natur er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess vil dette kunne bidra til at det vert lettare å ta omsyn til naturen i desse prosessane, i tillegg til å bidra til meir effektivitet og lik handsaming i prosessane.

Kartlegginga kan òg vere nyttig for grunneigarar som ynskjer å søkje om tilskot til tiltak for trua natur og kulturlandskapet.

Kva skal kartleggast?

Kva slags naturtypar som skal kartleggast er fastsett på førehand av Miljødirektoratet. I 2019 skal kartleggingsområda undersøkast for 105 ulike naturtypar. Dei fleste av desse naturtypane er raudlista (truga) i Noreg, medan resten er viktige leveområde for truga og nær truga artar.

Du kan sjå kva område som skal kartleggast og lese meir om kartlegginga på nettsida:

http://nedlasting.miljodirektoratet.no/Kartlegging_2019/Grunneiere/index.htm. Områda som skal kartleggast kan innehalde både innmark og utmark. Resultata frå kartlegginga vil etter kvart bli tilgjengeleg for alle på internett via Naturbase; <https://kart.naturbase.no/>.

Korleis skal områda kartleggast?

Kartlegginga vil gå føre seg på land etter eit standardisert system som heiter Natur i Norge (NiN). At eit område vil bli kartlagt inneber i praksis at eit kartleggingsområde vil bli undersøkt til fots for førekomst av dei 105 naturtypane. Ved funn av ein naturtype vil den som kartlegg notere ned observasjonar etter eit fastsett system og ta bilete av naturtypen. I sjeldne tilfelle kan det vere aktuelt å ta med små mengder plantemateriale for å identifisere det på eit laboratorium.

¹ Naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster (hentet fra naturmangfoldloven).



Den som kartlegg vil for kvar naturtypeførekomst vurdere tilstanden og naturmangfaldet i førekomsten. Vurderinga vil bli gjort etter eit fastsett system utarbeida av ei ekspertgruppe. Basert på vurderinga vil naturtypeførekomsten bli gitt ein kvalitetsklasse. Det finst fem slike klassar; svært låg kvalitet, låg kvalitet, moderat kvalitet, høg kvalitet og svært høg kvalitet.

Kven kan du kontakte?

All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsloven sine reglar om ferdsel og god ferdsselskultur. Der det skal kartleggast område som inneheld innmark kan det være behov for at den som kartlegg òg går på innmarksareal. Om det er spesielle omsyn som må takast i samband med slik ferdsel, eller du ikkje gir ditt samtykke til ferdsel på innmark eller uttak av små mengder plantemateriale, kan du ta kontakt med Einar Heegaard hjå Fylkesmannen i Rogaland, på e-postadressa fmroehe@fylkesmannen.no eller på telefonnummer 51 56 88 72 før kartlegginga startar opp.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent